



Den Kulturelle Skolesekken

Lokale produksjoner 2016 - 2017



8. trinn: Institusjonsbesøk - visuell kunst m.m.

Innhold og praktiske opplysninger:

Dette blir en dag med mange forskjellige inntrykk og fysisk aktivitet! Ta med: **Gode sko, klær etter vær, sitteunderlag, mat og drikke.** Elevene deles i to antallsjevne grupper av lærere på forhånd.

Dagen deles inn slik:

09.15 Fellessamling på P-plass Hå gamle prestegard

09.30: Gruppe 1 går til Obrestad fyr, ca 30 min å gå hver veg. Lærere og elever setter seg inn i stedet på forhånd og velger ut hva en vil ha fokus på. Det vil være en vakt på fyret for spørsmål etc. Også mye krigshistorie og bunkere med utstilling like utenfor.

09.30: Gruppe 2 får omvisning på Hå gamle prestegard. Denne gruppen må igjen deles i to:

Gruppe 2A: omvisning i kunstutstillingene, se mer info i vedlegg.

Gruppe 2B: omvisning kulturhistorisk avdeling og bygningene. Så bytter 2A og 2B.

11.00: **Felles matpause i tunet på prestegarden.** Ansvar: lærere på skolene. Det kan nyttes griller i tunet, grillkull må da medbringes. Om det regner kan en sitte inne i kafeen. **Husk å RYDDE!**

11.45: Gruppe 2 går til Obrestad fyr

Gruppe 1 får omvisning på Hå gamle prestegard. Inndeles jmf gruppe 2 tidligere.

Hå gamle prestegard

Kulturhistoriske avdeling: Hå gamle prestegard var embetsmannsbosted, prestegård, administrasjons- og kultursenter allerede for flere hundre år siden. Nå er det en kunst- og kulturinstitusjon i et tradisjonsrikt og vernet anlegg.

Området rundt Hå gamle prestegard er rikt på kulturminner. Her er spor fra mennesker som går 10.000 år tilbake i tid. I området er det funn fra steinalder og tydelige spor fra bronse- og jernalder, samt vikingtid. Prestebostedet er fra 1700-tallet og fyrbygging fra siste halvdel av 1800-tallet, www.hagamleprestegard.no/

Kunstutstillinger, se vedlegg

Obrestad fyr

Hå kommune kjøpte fyret av Kystverket i 2006 for å formidle kulturvernverdiene på anlegget og vise hvordan fyr kan nyttes i nye sammenhenger. Hvert år blir kunstnere utfordret til å vise kunstprosjekt både inne og ute. Obrestad havn var den første havnen på Jæren og ble bygd i 1870- årene.

Kontakt Hå gamle prestegard: Elisabeth Søyland, 51 79 16 60, Elisabeth.Soyland@ha.kommune.no

Kontakt Tide buss: Margareth Holmen, 47314119, Margareth.Holmen@tide.no



Skole:	Dato:	Buss fra skolen:	Retur fra P-plass på Hå:
GUS 2 klasser 50 elever + maks 7 lærere (bussen tar 57 stk)	Mandag 22. mai	08.30	13.30
Oltedal 12 elever (minibuss tar 16 stk)	Mandag 22. mai	08.15	13.30
GUS 3 klasser 75 elever (2 busser à 47 stk så her er det plass til språkklassen om ønskelig)	Onsdag 24. mai	08.30	13.30
Dirdal blir ikke med dette året pga vegstenging, får ha med både 8. og 9. trinn neste år			

Lykke til med gjennomføringen og god fornøyelse!

Mvh DKS kommunekontakt i Gjesdal: Ingvild Arnevik Aadnøy, 51 61 45 60, ingvild.aadnoy@gjesdal.kommune.no

KAN ME ETA SUPPE FRÅ EIT KUNSTVERK

**DKS - Hå gamle prestegard våren 2017
Til elevane på 8. trinn Gjesdal kommune**

**- velkomen til ein innhaldsrik dag på
Hå gamle prestegard og Obrestad fyr!**



**Kva er kunst og kva er design? Er kunst noko me kan bruka heima?
Hadde dei kunst og design i jernalderen og vikingtida eller er det noko
me har funne på i vår moderne tid.**

Kunst og design.

Tema for dagen har utgangspunkt i utstillinga **MULTIPLY – første hjem** på Hå gamle prestegard i denne perioden. Utstillinga viser arbeid i keramikk, porselen og anna materiale som kan brukast i eigen heim, spesielt for unge i etablerfasen. Dette er ting som kan mangfaldiggjerast på eigen verkstad eller industrielt, i materialar der kunst og design smeltar saman og som er laga med høg kunstnarisk og handverksmessig kvalitet. Elevane får først sjå ein film av kunstnarane som visar prosessen frå idé til ferdig arbeid. Etter ei omvising i utstillinga skal elevane teikna sitt favorittobjekt eller teikna sin eigen design inspirert frå utstillinga. Denne teikninga tek du med til skulen for å bruka i vidare arbeid i kunsthandverkstimane.

Historisk tid.

Men korleis var dette før i tida? Var koppar og kar bare laga for å brukast, eller var dei opptekne av at dei og skulle vera fine kunstverk? Eller hadde dei ei anna meining, var dei kanskje forma for å brukast i religiøse ritual? Me får vita noko om kva folk i jernalderen og vikingtida brukte i heimen sin og korleis desse tinga blei laga. Etterpå går me ut på gravfeltet og funderer over kor dei laga desse tinga og kvifor gravplassen ligg akkurat der.



Tur til Obrestad fyr.

Kvifor ligg prestegarden så langt vekke frå hovudvegen? Gjekk kanskje vegen ein annan stad då presten budde her? Me går tur til Obrestad fyr der vegen gjekk før og som nå heiter Kongevegen. Dette var hovudvegen mellom Danmark og Norge på 16- og 1700 talet. Denne vegen brukte danskekongen då han kom til Norge på den tida.

På fyret har me ein kermamikk-utstilling, «43» med kunstnaren Livio Viggo Lilli. Kunne desse formene ha låge under vatn? Eller kunne dette ha vore noko som vikingane mista i havet då dei for forbi, eller som gjekk til botn med skip som forliste?

Du kan sjå denne utstillinga og gå på oppdaging på fyret. Kanskje du finna ein bunker laga av tyske soldatar under 2. verdskrig? Du kan og gå opp i yrtårnet. Er det mogleg å sjå til England.



OPPLEGG FOR DAGEN

Elevane vil bli delt opp i 2 grupper.

Den eine gruppa går saman med lærarane opp til Obrestad fyr. Etter besøket på fyret går gruppa tilbake til prestegarden. Den andre gruppa går opp til fyret etter matpausen.

Den andre gruppa blir på Hå gamle prestegard. Denne gruppa blir igjen delt i 2. Den eine gruppa blir med inn i utstillinga SPOR og ut på gravhaugane. Den andre gruppa blir med inn i kunstutstillinga. Gruppene byter slik at begge gruppene får med seg både kunstutstillinga og den historiske delen.

Etter ein felles pause med grillmat (som de har med dykk sjølv) byter dei to hovudgruppene slik at alle får oppleve både fortid og notid – historia og kunsten og tur til fyret.

Praktisk info:

- Dersom det er elevar som ikkje kan gå turen til fyret ordnar skulane transport sjølv
- Hå gamle prestegard har 2 grillar som kan brukast i felles pause
- **Ta på varme klede og gode sko! Regntøy dersom det regnar. Den eine delen av dagen er å gå tur ute i naturen.**